

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-F08	21/41

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021

Drøfting av organisering av frivilligsentralen i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Frivilligsentralen i Masfjorden vedtekter av 15. mars 2018

Dato

14.01.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Nedunder er vist eit utdrag frå vedtektene gjeldande for perioden 2004-2018:

«Sokneråda i Masfjorden eig sentralen og samarbeidar om drifta med bygdekvinnelaget, pensjonistlaga, helselaga og Masfjorden kommune.»

Sidan bygdekvinnelaget ikkje eksisterer lenger vart dette laget tekne ut av vedtektene og ny formulering vart gjort gjeldande utan dette laget. Ein legg ved gjeldande vedteker for frivilligsentralen (sist revidert i 2018).

Nedunder er målsettinga i gjeldande vedteker formulert:

- **Frivilligsentralen skal på ein aktiv måte medverka og stimulera til at den frivillige innsatsen i kommunen aukar, gjennom å samordna frivillige tenesteytarar og brukarar av desse tenestene.**
- **Frivilligsentralen skal formidla tenester til dei av kommunen sine innbyggjarar som har ynskje om og glede og nytte av tenestene Frivilligsentralen til ei kvar tid kan yte.**

· **Frivilligsentralen sine tenester skal vera eit supplement til offentlege og private tilbod.**

I reglane er det og fastsett at berre leiar av sentralen skal ha løn. Denne funksjonen er sett til 20% stilling, og vedkomande som har denne er tilsett i Kyrkjeleg fellesråd. I tillegg til denne stillinga er det eit styre på 5 personar, som etter vedtektene skal vera samansett på følgjande måte:

«Styret:

Frivilligsentralen har eit styre på 5 medlemmer. Styret konstituerar seg sjølv med leiar og nestleiar. Leiar vert vald for 2 år, med høve for attval.

Styret er samansett av: 1 medlem vald frå kvar av dei 3 sokneråda 1 medlem vald frå dei samarbeidande laga

1 medlem frå kommunen: ordføraren eller den ordføraren peikar ut.

- Soknerådsvalde medlemmer fylgjer valbolken for soknerådsva.
- Frå dei samarbeidande laga/kommunen vert medlemmen vald for 2 år om gongen på årsmøtet. Dette skjer på årsmøta i oddetalsår.
- For kvart av dei valde medlemmane skal det velgjast personleg varamedlem.
- Styret kan gjera vedtak dersom over halvparten av medlemmane er til stades.
- Ved likt stemmetal har styreleiar dobbelstemme. «

Finansieringa er i 2021 ei øymerka utbetaling frå Kulturdepartementet til kommunane til vidarefordeling til frivilligsentralen. Det må rapporterast innan 1. mars 2022 korleis midlane er nytta. I 2021 er tilskotet til Masfjorden kommune på krone 282.000,-.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at det er Soknerådet i Masfjorden som driv sentralen, og at det er styret for frivilligsentralen saman med dagleg leiar som har ansvaret for drifta. Sentralen vart skipa i 1991. Stukturen med tre sokneråd i Masfjorden vart endra i 2020 og det er no berre eit sokneråd. Desse endringane, samt at dei siste åra har det etter rådmannen si vurdering vore mindre aktivitet i frivilligsentralen, gjer at ein ønskjer å få drøfta frivilligsentralen si organisering politisk. Ein legg saka fram til drøfting med mål at ein i god dialog med noverande styre av sentralen og Masfjorden kyrkjelege fellesråd kan få på plass ei framtidretta organisering.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for drøfting.

Formannskapet - 008/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe for å sjå på organisering av frivilligsentralen. Varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) får i oppdrag å ta initiativ til å få nedsett ei slik arbeidsgruppe og å starte drøfting for ny organsiering av frilvillsentralen.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe for å sjå på organisering av frivilligsentralen. Varaordførar Torill Torsvik Størkensen (Ap) får i oppdrag å ta initiativ til å få nedsett ei slik arbeidsgruppe og å starte drøfting for ny organsiering av frilvillsentralen.